



Forum Arkitekter AS
Damsgårdsveien 16
5058 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/2603 - 23/48420

Saksbehandlar:
Hanne Marie Evensen
hanne.marie.evensen@alver.kommune.
no

Dato:
19.06.2023

Ferdigattest for riving og oppføring av tilbygg og bod - gbnr 336/10

Administrativt vedtak: Saknr: 650/23
Tiltakshavar: Tor Christian Sivertsen
Ansvarleg søkjar: Forum Arkitekter AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK

Det vert gjeve ferdigattest for riving av tilbygg og anneks, samt oppføring av nytt tilbygg og bod på gbnr 336/10.

Vedtaket vert gjeve med heimel i plan- og bygningslova § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt.

Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 25.05.2022.

Det vert elles vist til søknad motteken 16.06.2023.

Skildring

Adresse:	Ådlandsvågen 14
Bygningstiltak:	Riving av tilbygg og anneks, oppføring av nytt tilbygg og bod

Bygningsnummer:	176027835 (fritidsbustad) 301071725 (bod)
Bruksareal:	66 m ²
Avlaup:	privat
Vatn:	offentleg
Tal på røykløp:	1

GENERELL INFORMASJON

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følger av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/2603

Med vennleg helsing
Alver kommune

Hanne Marie Evensen
Rådgjevar

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Forum Arkitekter AS

Damsgårdsveie 5058
n 16

BERGEN